

R E F F E R A T

Telefonmøte i gjetarhundnemnda mandag den 17. desember kl 10.00.

Desse var med på møtet: Jon Sand
Liv Oddny Hauen
Kjell Kristoffersen
Jon H. Sæther
Wenja Rui
Arne Flatebø (sekretær)

Sakliste:

- 23/90 Innkalling og sakliste.
- 24/90 Referatsaker.
 - a. NM - 91
 - b. Gjetarhundboka / Gjetarhundvideoen
 - c. Kopi av brev til styret frå Ola Ødegard
- 25/90 Budsjett og arbeidsplan for 91
- 26/90 Uttaking til landskampen Norge/Sverige i 1991
- 27/90 Korleis skal vi presentere/nytte datamaterialet når det gjeld HD og "Gjennomsnitleg prøveresultat for avkommet etter dei beste hannhundane"?
- 28/90 Reglar for gjetarhundprøver - Eventuell justering etter erfaringane frå sist haust
- 29/90 Dommarinstruksen - Eventuell justering etter erfaringane frå sist haust
- 30/90 Eventuelt

SAK 23/90 INNKALLING OG SAKLISTE

Ingen merknader.

SAK 24/90 REFERATSAKER

a. NM - 91.

Kopi av styrerefferat var sendt medlemene før møtet.

Det var full semje i nemnda om at det må leggjast avgjerande vekt på kva arrangørfylket meiner når tidspunktet for NM skal fastsetjast.

b. Gjetarhundboka / Gjetarhundvideoen

Det blei gitt ein kort statusrapport om salet av "gjetarhundboka" og "gjetarhundvideoen".

Det er fortsatt eit sakn ute i lokallaga at ein ikkje har ein video som gjev meir instruksjon. Nemnda meiner at det vil krevje for mykje ressursar å gå i gang med ein vidare videoproduksjon alt no. Derimot er det mange flinke amatør-fotografar som har godt teknisk opptaksutstyr, som kanskje kan ta opp aktuelle sekvensar. Det kan sidan vere aktuelt å klyppe dette saman til ein instruksjonsvideo av ein profesjonell person. Føresetnaden er at ein då nyttar rett utstyr for opptak.

c. Kopi av brev til styret frå Ola Ødegård

Kopi av brevet samt koppi av styrevedtaket var sendt nemndsmedlemene på førehand.

d. Rasebeskrivelse for border collie og australsk kelpie

NKK hadde laga rasebeskrivelse for border collie og australsk kelpie. Kopi av desse var sendt nemnda på førehand.

Vedtak:

Til bunkt a: Sekretæren avklarar nærare med Sør-Trøndelag tidspunktet for NM-91.

Punkt b, c og d vart tekne til etterretning.

SAK 25/90 BUDSJETT OG ARBEIDSPLAN FOR 91

Føljande forslag til budsjett og arbeidsplan for 1991 låg føre:

	Budsjett 1990	Reknesgapen pr. 30/10-90	Budsjett 1991
21 Instruktørkurs	12.000	0	15.000
22 Dommarkurs	12.000	3.888	0
23 NM	15.000	5.148	12.000
36 Gjetarhundnemnda	20.000	23.060	25.000

C

Inntekter gjetarhund.prøv.	0	+6.630	+10.000
-----	-----	-----	-----
Sum	59.000 (50.000)	25.464	42.000
=====	=====	=====	=====

Budsjettet for 1990 er sett opp slik det vart vedteke i nemnda på møte den 12. desember 89. I parantesen er vist den totalsummen som styret godkjende brukt av gjetarhundnemnda i 1990.

Det er i budsjettet for 1991 rekna med 1 - 2 instruktørkurs i Nord-Norge (Troms og Finnmark). Det er då kalkulert med at kursleiar/instruktør blir sendt frå Sør-Norge, har med hund, og deltek på lokale gjetarhundkurs i tillegg til dei to instruktørkursa. Til saman eit opphald på ei veke.

Det er ikkje rekna med at det skal haldast dommarkurs i 1991.

Utgifter til NM er dekning av kostnadane med premi til NM-vinnaren og til reise og opphald for dommarane.

I utgiftene til nemnda inngår eitt ordinert møte og to telefonmøte samt vedlikehald/vidareutvikling av avlsprogrammet.

På inntektsida er det rekna med 1.000 hunder på prøve og kr 10,- i prøveavgift pr. hund.

Vedtak:

Forslaget til budsjett og arbeidsplan vart samrøystes godkjent som nemnda sitt forslag overfor styret.

Nemnda meiner at tidspunktet for å satse på Nord-Norge er det rette, spesielt sidan ein for tida er inne i ein positiv utvikling for gjetarhundarbeidet i denne landsdelen.

Instruktørkurs bør leggjast til slutten av juli. Staden for kursa bør vere i "Tomsøområdet" og i "Vadsøområdet".

SAK 26/90 UTTAKING TIL LANDSKAMPEN NORGE/SVERIGE 1991

Sverige står i år som arrangør. Tidspunkt og stad for arrangementet er ikkje fastsett.

Det er kjent for nemnda at svenskane ønskjer at deling av flokk skal vere med under prøva. Det var litt ulikt syn på dette i nemnda, men ein vart samde om å avvise dette i denne omgang og i staden føreslå at det vert sett eit tidsskjema for ei eventuell innføring av eit slikt forslag.

Det kom forslag om å utvide deltakarartalet til 20 frå kvar nasjon.

Etter vedtak i nemnda i februar (sak 7/90) skulle nemnda kome tilbake til utakingskriteriane etter erfaringane med uttaket av reservar til landskampen i år.

Nemnda meiner at det bør gjevast klarsignal til dei 10 første på resultatlista frå siste NM. Dei 5 andre kan takast ut etter same prinsipp som i år. Eit slikt uttak vil resultere i at dei hundane som er i form får mulighet til å kvalifisere seg. Altså ei nivåheving av dei siste norske hundane. Svenskane satsar målbevist på landskampen og Norge vant med berre 1 poeng i år!

Buskerud har sagt seg villig til å arrangere utakingsprøva slik dei gjorde i år, men seier at dersom andre fylke vil ta det bør andre få arrangementet i 91.

Vedtak:

Norge skal føreslå for Sverige at deltakartalet vert utvida til 20 frå kvar nasjon. Vidare skal ein føreslå at ein tar ein diskusjon om kva tid det kan vere aktuelt å innføre deling av flokk i konkurransereglane.

Dei 10 beste hundane frå sist NM får tilbod om å representere Norge under landskampen i bruk av gjetarhund i 1991. Dei 5 andre plassane skal fordelast etter eigen utaksprøve sommaren 91.

Det skal sendast brev til alle fylka der dei vert oppmoda til å søkje om å få arrangere uttakingsprøva for 91. Saman med denne oppmodinga skal det leggjast ved ei liste over dei krav som må stillast til arrangøren av ei slik prøve.

Sekretariatet tar ut arrangøren på grunnlag av innkomne søknader. Dersom ingen andre fylke melder seg interessert, skal arrangementet gå til Buskerud.

SAK 27/90 KORLEIS SKAL VI PRESENTERE/NYTTE DATAMATERIALET NÅR DET GJELD HD OG "GJENNOMSNITTLEG PRØVERESULTAT FOR AVKOMMET ETTER DEI BESTE HANNHUNDANE"?

Forslag til utlisting av henholdsvis HD-status for dei mest brukte hannhundane og ei "10 på topp liste" for hannhundar med minst 10 avkom som hadde vore på gjetarhundprøve, var send medlemene saman med møtepapira.

Det var semje blandt medlemene at desse listene burde sendast fylkesnemndene, men då med ei nærare utgreiing om kva som ligg

bak tala. Det bør pressiserast at lista over hannhundane med høgaste totale gjennomsnitt for avkommet sine egenskaper, "10 på topp lista", ikkje er nokon indeks for desse hundane. Ein kan berre nemne at tala for ein hannhund med få avkom som har vore på prøve, er mykje meire usikre enn for ein med mange avkom som har vore på prøve. Vidare vil ein eldre hannhund få eit betre gjennomsnitt for avkommet sitt enn ein som er yngre og følgjeleg har yngre avkom.

Nemnda var meire usikker på korleis ein skulle nytte tala frå HD-statistikken, sidan nedarvinga for denne lidinga fortsatt er noko uviss. Ein blei samde om at dersom HD-frekvensen for dei røntga avkomma ligg over ein viss prosent, bør eigarane av desse hundane bli tilskrivne og anmoda om å avvente vidare bruk av desse i avlen. Føresetnaden er at det er røntga minst 10 avkom.

Vedtak:

"10 på topp lista" og "lista over HD-status til avkommet etter dei mest brukte hannhundane", skal sendast fylkesnemndene med ei nærare forklarar på kva som ligg bak tala.

Dersom det er ein hannhund med HD-frekvens for avkommet på meir enn 25 %, skal eigaren tilskrivast og anmodast om å avvente vidare bruk av hunden i avl. Føresetnaden er at hunden har minst 10 avkom som er HD-røntga.

Dersom HD-frekvensen for avkommet kjem over 40 % er nemnda også tvilande til om det er rett å nytta hannhundar etter desse i avlen, sjølv om hunden sjølv er fri for HD.

SAK 28/90 REGLAR FOR GJTARHUNDPRØVER - EVENTUELL JUSTERING ETTER ERFARINGANE FRÅ SIST HAUST

Nemnda diskuterte erfaringane frå siste haust og om det kan vere aktuelt å gjere endringar/tilføyningar i reglane. Eit revidert forslag bør sendast fylkeslaga for kommentarar. Nemnda formar så til slutt dei endelege reglane og oversender desse til styret for godkjenning.

Nemnda meinte at prøveåret hadde gått mykje betre enn ein hadde lov å vente. Så langt er det ikkje registrert klager, korkje på reglane eller dømminga.

Noko av det som av enkelte, vart sett på som alt for vanskeleg - driving framfor førar - har gått svært bra. Det same kan ein seie om driving gjennom porten under "inndriving". Det viser seg at når ein utfordring kjem blir det jobba ekstra mykje, noko som i dette tilfelle har ført til meir lydige hundar som igjen kan

meistre fleire arbeidssituasjonar. Det var dette som var målet med endringane i reglane.

Eit spørsmål som reiste seg etter siste NM var om ein ikkje like gjerne alt no skulle innføre "kryssdriving" i NM. Alle deltakarane greide frådrivinga som i år var på heile 110 meter, utan store vanskar. Det var så jamnt godt/høgt prestasjonsnivå på hundane at dommarane hadde vanskar med å skilje dei beste. Nemnda meiner at det vil derfor vere rett å innføre kryssdriving i NM, men la FM og DM vere som no. Etter å ha hatt kontakt med fleire fylke som har gitt klare signal om at dei er positive til denne endringa, er nemnda samd i å føreslå dette under justeringa av reglane.

Nemnda var også samd i at det burde inn eit eige punkt om at det skal vere mogleg å arrangere "bevegelege prøver". Det vil seie at der det er store avstander kan f.eks. instruktørar som også er godkjende dommarar, avvikle lokale gjetarhundprøver i samband med gjetarhundkurs, sjølv om det skulle vere berre ein eller to hundar som stiller. På den måten vil ein kunne gje eit betre tyilbod til alle som ønskjer å få hundane sine godkjende på gjetarhundprøve.

Vedtak:

Eit revidert regelverk der momenta ovanfor er innarbeid, skal sendast fylkesnemndene innan 10. januar. Fylka får frist til 15. februar med å kome med merknader. Eit ferdig forslag der eventuelle merknader frå fylkesnemndene er teke omsyn til, vert å behandle på neste møte i nemnda, før det vert oversendt styre for endelig godkjenning.

SAK 29/90 DOMMARINSTRUKSEN - EVENTUELL JUSTERING ETTER ERFARINGANE FRÅ SIST HAUST

Som nemnt under sak 28/90 har det ikkje kome inn klage på dømninga i haust eller oppservert klage frå sidelinja. Noko som må tolkast som at både reglane og dommarinstruksen er rimeleg presise. Like vel vil det truleg vere nødvendig med ytterlegare pressisering av nokre punkt.

Under siste NM var vi dessverre vitne til at ein, kanskje to, hundar som deltok halta (gjekk på tre bein) under prøva. Folk reagert kraftig på dette.

Ved å føye til eit eige punkt i dommarinstruksen som klargjer korleis dommaren/ane skal takle slike tilfelle, kan ein unngå liknande situasjonar for ettertid.

Det vart ikkje tid til å ferdigbehandle saka.

Vedtak:

Jon Sand og Liv Oddny Hauen får i oppdrag å kome med forslag til ein revidert dommarinstruks til neste møte i nemnda der momenta som er nemnt ovanfor er vurdert.

SAK 30/90 EVENTUELT

Det vart ikkje behandla noko saker under eventuelt.